

LEIGEAVTALE

Mellom Manger helselag og Radøy kommune er i dag inngått slik
l e i g e a v t a l e :

1. Ein viser til teikning nr. 44752 frå ark. Alvsaker & Vaardal-Lunde. Kommunen leiger heile overetasjen i hovudbygget med undantak av dei to roma som er tenkte til fysikalsk handsaming. Fellesrom som venterom, gangar, spiserom og utrom skal nyttast saman med eventuell leigebuar av dei fysikalske kontor. Leigearealet til kommunen er etter teikning nr. 44752, 215 m². Då er ovannemnde fellesrom medrekna.
2. Radøy kommune betalar kr. 10.000,- -kronertitusen- for året til Manger helselag i husleige.
3. Husleiga vert vurdert på nytt etter 8 år, og den kan då justerast i høve til nedbetaling av det renteberande lån på kr. 100.000,- som vert oppteke når huset vert reist.
4. Leigeretten er bindande for begge partar i 10 år. Etter den tid kan ein av partane seia opp avtalen med 1 års varsel.
5. Huset må vera reist og ferdig til innflytting innan 1.8.1969.
6. Føresetnaden for leigeavtalen er at endeleg finansieringsplan og teikningar vert førelagd kommunestyret til godkjenning for bygget vert reist.

Manger den

6/10-1967.

For Radøy kommune:

Viktor Lørdal
Ordføreren i Radøy

For Manger helselag:

Olav Ljøstam